

## Velkommen til retreat på Holmely!

«Midt i nattens mørke blinker» 10.-13.juni



Ved kysten, nær Holmely, ligg fire fyr som har lyst opp i mørket for havgåande trafikk, i storm og stille. Ulvesund fyr, Hendanes fyr, Kråkenes fyr og Skongenes fyr. Denne gongen har vi satt «fyrlys» som tema for vår retreat og vi vil gje nokre av desse fyra eit besøk!

«Har du fyr? Har du løkte langs din vei. Har du fyr? Et signal om riktig lei...» Alle treng vi eit

lys på vår veg. Fyrlyset har gitt eit konkret lys i storm og vindkast, men òg i overført betydning. I siste vers på *Navnet Jesus* syng vi: «Midt i nattens mørke blinker som et fyrlys Jesu navn. Og hver hjelpeløs seiler vinker inn til frelsens trygge havn» Denne retreaten vil vi vandre, vi vil sjå, vi vil ta inn lukta av sjø, vær og vind, vi vil lese bibeltekstar og høyre om lyset og om fråvær av lys...

Retreaten er **delvis taus**, med det meiner vi at vi for det meste er eit taust fellesskap, med stille måltid, stille vandring, eigentid og bibel-meditasjonar. Vi har faste samlingar i kapellet kvar dag, med bøn, stille og nattverd. Men vi opnar òg opp for samtale/deling undervegs på tilviste tider. På retreat er vi på fornamn; her kan du sleppe å fortelje om deg sjølv, jobb/ikkje-jobb, studie/status, bostad og bakgrunn. Vi ønsker at alle kan få muligheit til å sleppe skuldrene ned og berre vere seg sjølv utan meir forklaring.

Ta med **kle for allslags vær** (vindtett), gode sko, dagstursekk, drikkeflaske og evt. termos.

Vi legg opp turane ut ifrå vêrforhold og anna tilrettelegging, nokre fyr er det kjøreveg til, andre må vi gå eit stykke.

